

Mottakarakar:

Sofie Ringdal

Plan og bygning

Vår referanse:

25/18196, 26/22343

Arkivkode:

L13 6/del av 7, 8, 32, 35, 70

Dato:

05.03.2026

Planutvalsak 12/26 om detaljregulering på Emblem - uttale frå KDU

Indre Borgund kommunedelsutval (KDU4) hadde møte 3.3.26. Under sak 13/26 Eventuelt – spørsmål – orienteringar kom det opp kritikk mot planutvalsak 012/26 Anmodning om oppstart av planarbeid - Emblem - gbnr. 6/del av 7, 8, 32, 35, 70 – detaljregulering.

Kommunedelsutvalet vedtok samrøystes følgande uttale, fremma av leiar Tore Hals:

Planutvalet sa i sitt møte 3. februar, sak 012/26, ja til å sette i gang ein prosess for detaljregulering for eit avgrensa område på Emblem. Vedtaket vart gjort trass i at det i kommuneplanen for Ålesund 2026 - 2028 er eit krav om at før detaljregulering skal det vere utarbeidd ein områdeplan for Emblem.

Kommunedelsutvalet for Indre Borgund er skuffa over at planutvalet framleis vil at det skal bli regulert bit for bit i staden for å sjå utviklinga i ein større samanheng. Ved å regulere i smått mistar vi høvet til å sjå, ikkje minst, infrastrukturen og naturmangfaldet i ein heilskap.

Formålet med detaljreguleringa, slik tiltakshavaren presenterer det, er å etablere sentrumsfunksjonar og bustader. Dette er kommunedelsutvalet svært positiv til. Spesielt dette med sentrumsfunksjonar er viktig. For å kunne få til eit godt fungerande sentrum, må vi løfte blikket og langt vidare enn det som er skissert som planområde - noko også tiltakshavar nemner i sin presentasjon av planinitiativet.

Kommunedelsutvalet ser det som avgjerande viktig at infrastrukturen med interne vegar og tilknyting til fylkesvegen (FV60 Magerholmvegen) blir klarlagt. I det området områdeplanen i følgje kommuneplanen skal dekkje, er det 7 avkøyrslar frå Magerholmvegen: 5 mot nord og 2 mot sør. Kommunen - i samarbeid med fylkeskommunen - må snarast avklare om alle desse framleis skal bli brukt eller om nokon må vekk. Skal nokon vekk, får det konsekvensar for det interne vegnettet og dei kryssa som blir att.

Kommunen må også få avklart om det skal bli sett av areal til oppgradering av Magerholmvegen à la det som no skjer mellom Blindheim og Flisnes.

Ei detaljregulering utan dei avklaringane som er nemnt her, vil kunne bli eit hinder for framtidig utvikling av FV60 og internt vegnett.

Når no planutvalet har sagt ja til detaljregulering, ber kommunedelsutvalet om at dei nemnte avklaringane blir gjort snarast slik at tiltakshavaren kan få dei rammene som trengst for eit effektivt arbeid.

Med helsing
Bjørn Arild Hatlem
politisk sekretær
Politisk sekretariat

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Ingunn Osdal Stette